

Fra: Gunnhild Utkvitne (Gunnhild.Utkvitne@voss.kommune.no)

Sendt: 19.08.2016 10:50:41

Til: Marianne Ose Askvik

Kopi: Silje S. Solstad; Ingrid Langen Fjose; Svein Gunnar Mørkve

Emne: UKM Fylkesmønstring 2016 - våre refleksjonar

Vedlegg: image001.png

Hei,

I etterkant av fylkesmønstringa for UKM Hordaland har me fått tilbakemeldingar frå ungdomsarbeidane og UKM-koordinator som me ynskjer å vidareformidla til arrangøren:

Årets "nye" UKM med festivalpremiere vart eit flott arrangement med god lyd/lys på konsertane og ei flott kunstutstilling. Likevel er det nokre punkt med utfordringar våre kommunekontaktar møtte under avviklinga av årets UKM:

- Det vart mykje meirarbeid for kommunekontaktane med å organisera foreldre til å vera med ungdommane sine frå fredag kveld til søndag kveld. Dette då det var mange foreldre som ikkje er vant med denne typen dugnad/kostnad for sine ungdommar.
- Ikkje alle deltakarane hadde lyst til å vera på heile festivalen. Ein del kvitte seg til å overnatta. Me synest at det er strengt/urimeleg at desse deltakarane vert «straffa» ved at dei ikkje vert vurdert av fagjury til eventuelt å gå vidare til landsfestivalen. Kommunane vart oppmoda til å laga ei reserveliste dersom nokre av utøvarane ikkje ville delta på heile festivalen. Dette vil og vera urimeleg og lite handterleg for ein jury som har som utgangspunkt å senda vidare dei som dei meiner representerer kommunen på best måte. Det ville vore ynskjeleg at alle vert vurdert på fylkesfinalen. Me vil sjølvstakt likevel oppmoda alle om å delta på heile festivalen, men visa forståing for dei som av ulike årsaker ikkje vil. Me tykkjer det bør vera valfritt, om ein vil delta med overnatting og workshop eller ikkje.
- Me er avhengige av at foreldre/arrangør av fylkesfinalen stiller opp på kveld/natt. Kommunekontaktane kan ikkje ta ansvar for deltakarane på andre tider av døgnet enn dagtid. Det bør koma eit tydeleg skriv automatisk til alle deltakarar som går vidare til fylkesfinalen om at foreldra er dei som skal vera med å overnatta med borna/ungdomane sine. Me kan ikkje sjå at det skal vera kommunekontaktane sitt ansvar å organisera dette .

Me fryktar at denne nye ordninga kan gå ut over påmelding lokalt. Me ynskjer difor at erfaringane våre frå i år vert teke med i planlegginga av kommande UKM og ser fram til å diskutere dette nærare i planleggingsmøta.

Beste helsing,
Gunnhild Utkvitne

Gunnhild Utkvitne

Kommunalsjef

Kultur og fritid

Mob: 480 14 580

www.voss.kommune.no



[Sjå vår brosjyre](#)